

48

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
48/18	212	27.11.2018	05.12.2018	JS

ØKONOMIRAPPORTERING 3. KV. 2018

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek økonomirapportering 3. kv. 2018 – estimat 2018 til vitende.

Vedlegg

Kommunestyresak PS 49/2018 av 30.10.2018

Saksopplysning

Kommunestyret i PS 49/18:

«ØKONOMIRAPPORTERING 3.KV. 2018 - ESTIMAT 2018

Handsaming i Kommunestyret :

Konst. rådmann Oddbjørn Indregård orienterte.


Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre tek Økonomirapport 3.kvartal 2018 og estimat 2018 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer»

Ein viser elles til saksutgreiinga frå rådmannen.


Jøstein Støylen
Dagleg leiar

Vedlegg



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2018/469-4858/2018
Arkiv: 151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/18	Formannskapet	02.10.2018
49/18	Kommunestyret	30.10.2018

Saka gjeld: **ØKONOMIRAPPORTERING 3.KV. 2018 - ESTIMAT 2018**

Tilråding:

Sande kommunestyre tek Økonomirapport 3.kvartal 2018 og estimat 2018 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga

TILRÅDING

Sande kommunestyre tek Økonomirapport 3.kvartal 2018 og estimat 2018 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer

Særutskrift:

- Sektorane
- Einingane

Vedlegg:

- Statusrapport pr 30.09.18 Sande kommune

Saksopplysningar:

Det vert lagt opp til kvartalsvise rapportar.

Vedlagte statusrapport er basert på rekneskapstal medio september, og inneheld dermed dei faste lønnskostnadane pr 30.september.

Vurdering og konklusjon:Inntekter:

Inntektene består i hovudsak av rammetilskot, skatt og inntektsutjamning, samt generelle statstilskot.

Inntektsbilde er lite endra sidan førre rapportering – hovudelementa er slik:

- Skatt: 3.kv. på budsjett – estimat 2018: avvik 800.
- Rammetilskot: 3.kv. avvik 1670 - estimat 2018: avvik 1194.
- Integreringstilskot: 3.kv. avvik 831 - estimat 2018 : avvik -1691.
- Fondsavkastning: 3. kv. / estimat 2018: avvik -500.
- Premieavviket: 3.kv. / estimat 2018: avvik -2460.

Kostnadar:

Kommunen sin samla lønnskostnad er noko over budsjett pr 3.kv. Ser ein isolert på fastlønn så ligg ein innanfor budsjett – så det er altså noko høge vikarkostander og pensjonskostnader som dreg opp dei samla lønnskostnadane.

Innan helse/omsorg er det gjort grep som skal dempe vikarkostnaden – og sektorens estimat for 2018 er eit avvik på kr -1000 forutsett at pensjonskostnadane vert som forventa.

Politisk/adm har også eit estimat på kr -900. Vakanse er medverkande årsak til avviket.

NAV/Sosial har eit estimat på +300. Auke i sosialutbetalingar er årsaka.

Dei andre sektorene rapporterer om eit estimat på kr 0 – dvs dei vil kunne klare å halde sine nettorammer i 2018.

Kommunen sine samla pensjonskostnadar er det fortsatt knytt noko usikkerheit til.

Omstilling:

I budsjett 2018 var det i tilrådinga eit beste estimat på 2 mill i reduksjon relatert til saka om skulestruktur. Kommunestyret auka dette til 4 mill med visning til det pågåande omstillingsarbeidet i helse og omsorgssektoren.

Omstillinga i skulesektoren er pr 3.kv. avklart (utsett), og ein reduksjon på 2 mill er med det ikkje eit realistisk mål.

Omstillinga i helse og omsorg pågår, men ein reduksjon i nettoramme frå 74 mill til 72 mill vart pr 2.kv. rapportert som lite realistisk. I «estimatarbeidet» i samband med status for 3.kv

rapporterter sektoren at ein reduksjon i nettoramma frå 74 mill til 73 mill vil kunne vere mulig dersom inntektene og pensjonskostnadane vert som forutsatt/budsjettert.

Netto driftsresultat 2018:

I budsjettet er netto driftsresultat fastsett til kr 4673. Estimatet for 2018 viser eit netto driftsresultat på kr - 1844. Hovudårsaka knyter seg til følgande forhold:

- Manglande måloppnåing for reduksjon i driftsnivå skule: 2 mill
- Manglande måloppnåing for reduksjon i driftsnivå helse/omsorg: 1 mill
- For mykje fordelt på einingane (også omtalt som summeringsfeil): 2,2 mill

Disposisjonsfond:

I samband med disponering av kommunen sitt årsresultat 2017 vart disposisjonsfondet auka frå kr 0 til kr 2604.

Estimatet for 2018 viser at kommunen vil ha eit netto driftsresultat på kr 1,8 mill. Kommunen må med det bruke disposisjonsfondet. Estimatet viser ein rest på disposisjonsfondet på kr 0,7 mill etter at driftsresultatet er dekt opp.

Miljøkonsekvensar: Nei

Økonomiske konsekvensar: Nei

Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

Larsnes, 30.09.2018

Oddbjørn Indregård
Konstituert rådmann



Statusrapport pr 30.09.18 og estimat 2018

Sande kommune

Økonomirapportering gjennom året

Rapport 1. kvarttal:

- Inntekter på skatt og rammetilskot i hht budsjett, avkastning negativ.
- Kostnader ute på einingar i hht budsjett.
- Innsparing/reduisert driftsnivå på 4 mill ikkje innarbeidd på rammer (hhv skule og helse/omsorg).

Rapport 2. kvarttal

- Inntekter på skatt og rammetilskot i hht budsjett, avkastning fortsatt negativ, introduksjonstilskot negativt, og noko usikkerheit knytt til premieavvik/pensjon.
- Kostander ute på einingar i hht budsjett med unntak av noko avvik på helse/omsorg og politisk/adm, men avika vert handtert.
- Budsjettet sitt måltal på kr 4643 som netto driftsresultat er rapportert til kr -2327. Årsaka er noko avvik på inntekter (introduksjonstilskot og fondsavkastning) og manglande tiltak får å oppnå redusert driftsnivå.

Status 3.kv. 2018 og estimat 2018

Økonomirapport 3. kvartal 2018 - inkl. beste estimat for 2018

Skjema 1 a

Område	Inntekter	Budsjett 2018 Kv	Budsjett 3. kv. 2018	Rekneskap 3. kv. 2018	Avvik 3. kv. 2018	Beste estimat 2018	Budsjett 2018	Avvik beste estimat 2018
8110	Skatt og inntekt på formue	66 900	55 809	55 809	0	67 700	66 900	800
8111	Rammetilskot - inntektutpanning	5 612	2 638	2 638	0	5 412	5 612	-200
*	Rammetilskot	88 877	70 605	72 275	1 670	90 071	88 877	1 194
8112	Generelle støttilskot	3 500	1 850	0	-1 850	3 500	3 500	0
*	Integrengstilskot	5 038	1 808	2 639	831	3 347	5 038	-1 691
8211	Aksjer og andelar	0	0	308	308	308	0	308
8230	Formidlingslån	0	0	-64	-64	-72	0	-72
8250	Fond	2 000	1 600	1 496	-104	1 500	2 000	-500
*	Avsetting/bruk av disp.lond	-4 673	0	0	0	0	-4 673	4 673
8210	Renter + avdrag gjeld	-13 155	-4 103	-3 044	1 059	-12 656	-13 155	499
8262	Tidlegare understek/overskot	0	0	0	0	0	0	0
8264	Avskrivningar	3 225	0	0	0	3 225	3 225	0
8266	Premieavvik	7 500	0	0	0	5 040	7 500	-2 460
	Sum frie inntekter til disp.	164 824	130 207	132 057	1 850	167 375	164 824	2 551

Skjema 1 b

Område	Ramme fordelt	Budsjett 2018 Kv	Budsjett 3. kv. 2018	Rekneskap 3. kv. 2018	Avvik 3. kv. 2018	Beste estimat 2018	Budsjett 2018	Avvik beste estimat 2018
19-27	Oppvekst og kultur	57 743	42 922	49 122	200	57 743	57 743	0
30-40	Helse og omsorg	74 000	62 865	66 221	3 356	73 000	74 000	-1 000
11-13	Politisk og sentraladm	21 537	15 983	15 366	-617	20 566	21 537	-971
60	Tekniske tenester	9 621	9 914	7 333	-2 581	9 621	9 621	0
41	Nav/Barnemerm	5 467	3 975	4 012	37	5 700	5 467	233
55	Kyrkje og Truodomsamfunn	2 678	1 892	1 917	25	2 589	2 678	-89
	Netto bruk i einingane	171 046	137 551	137 971	420	169 219	171 046	-1 827

I øk.rapp for 3.kv og estimat 2018 vert skjema 1a og 1b nytta. I skjemaframstillinga er følgjande teke omsyn til:

- Kommunestyret måltal for netto driftsresultat ligg inn med kr 4673 (skjema 1a).
- Premieavviket er justert i hht KLP sine reviderte tal (skjema 1a).

- Baserte på estimat er dei frie inntektene auka med kr 2551 – i hovudsak basert på noko auke i skatt og rammetilskot (og med netto dr.res på 0) (skjema 1a).

- Tidligere opplyste summeringsfeil på kr 2222 inngår i oppstillinga (skjema 1b).

- Basert på estimat er den samla nettoramme til bruk i einingane redusert med kr 1827 - reduksjonen er knytt til eit estimert mindreforbruk på helse/omsorg og politisk/adm (skjema 1b).

Status 3.kv. 2018 og estimat 2018 forts

Skjema 1 a

Område	Inntekter	Budsjett 2018	Budsjett 3. Kv	Rekneskap 3. Kv	Avvik 3. Kv.	Beste estimat 2018	Budsjett 2018	Avvik beste estimat 2018
8110	Skatt og inntekt på formue	66 900	55 809	55 809	0	67 700	66 900	800
8111	Rammestilskot - Inntektsutjæmning	5 612	2 638	2 638	0	5 412	5 612	-200
"	Rammestilskot	88 877	70 605	72 275	1 670	90 071	88 877	1 194
8112	Generelle statstilskot	3 500	1 850	0	-1 850	3 500	3 500	0
"	Integreringstilskot	5 038	1 808	2 639	831	3 347	5 038	-1 691
8211	Aksjer og andelar		0	308	308	308	0	308
8230	Formidlingslån		0	-64	-64	-72	0	-72
8250	Fond	2 000	1 600	1 496	-104	1 500	2 000	-500
"	Avsetting/bruk av disp.fond	-4 673	0	0	0	0	-4 673	4 673
8210	Renter + avdrag gjeld	-13 155	-4 103	-3 044	1 059	-12 656	-13 155	499
8262	Tidlegare underskot/overskot	0	0	0	0	0	0	0
8264	Avskrivningar	3 225	0	0	0	3 225	3 225	0
8266	Premieavvik	7 500	0	0	0	5 040	7 500	-2 460
	Sum frie inntekter til disp.	164 824	130 207	132 057	1 850	167 375	164 824	2 551

Status 3.kv. 2018 og estimat 2018 forts

Skjema 1 b

Område	Ramme fordelt	Budsjett 2018	Budsjett 3. Kv	Rekneskap 3. Kv	Avvik 3. Kv.	Beste estimat 2018	Budsjett 2018	Avvik beste estimat 2018
19-27	Oppvekst og Kultur	57 743	42 922	43 122	200	57 743	57 743	0
30-40	Helse og omsorg	74 000	62 865	66 221	3 356	73 000	74 000	-1 000
11+13	Politisk og sentraladm	21 537	15 983	15 366	-617	20 566	21 537	-971
60	Tekniske tenester	9 621	9 914	7 333	-2 581	9 621	9 621	0
41	Nav/Barnevern	5 467	3 975	4 012	37	5 700	5 467	233
55	Kyrkje og Truodomsamfunn	2 678	1 892	1 917	25	2 589	2 678	-89
	Netto bruk i einingane	171 046	137 551	137 971	420	169 219	171 046	-1 827

Status 3.kv. 2018 og estimat - oppsummert

Beste estimat 2018 viser ein samla reduksjon på netto ramme på :	1 827
Beste estimat 2018 viser ein samla auke på frie inntekter på :	2 551
Beste estimat 2018 viser sum frie inntekter til disp på	167 375
Beste estimat 2018 viser sum bruk i einingane	169 219
Beste estimat 2018 Meirforbruk	1 844
Dispfond pr 01.01.2018	2 604
Beste estimat 2018 Meirforbruk	1 844
Beste estimat dispfond 31.12.2018	760